



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1636 - 18/17323

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:

30.05.2018

Svar frå Lindås Kommune - Ber om fleire opplysningar - avkøyrsløse - Fv. 57 - gbnr 185/1 til 7 Isdal (kopi)

Viser til saka.

Vegavdelinga i Lindås kommune kan opplyse om at det eksisterer to kommunale vegar i området,

- Isdalvegen kv1135 – Bk8 – 12,4m
- Åsevegen kv1246 – BkT8 – 12,4m

Isdalvegen i sør, er del av den gamle Trondheimske postveg. Den nordlege delen av vegen er forsterka i 2017, og har grusdekke. Den sørlege delen av vegen har asfaltert dekke, men har ikkje like god bæring. Avkøyrslane i nord og sør er ikkje optimal ift tømmertransport med hengar. Vegen er skilt frå uttaksområdet av Viddalsfjellet med ei særst bratt fjellside i sør, ned mot Isdal.

Åsevegen i nord, har nytt asfaltdekke frå 2017 og ei god avkjørsle. Vegstrekket har ei bru som ikkje er av god stand. Vegen er skilt frå uttaksområdet av Langevatnet med tilhøyrande bekkefar og myrområde.

Topografien i området seier at det må gjerast ganske omfattande terrenginngrep for å ta ut tømmer i anvist område. Lindås Kommune vil såleis tilråde at det gis mellombels og tidsavgrensa løyve for avkjørsle mot Fylkesveg 57. Løyve bør kombinerast med arbeidsvarslingsplan med nedsett fartsgrense, evt manuell dirigent for utkøyring av tømmer. Utkøyring av tømmer må skje i tidsrom utanom mykje trafikk til og frå Mongstad området.

Med helsing

Ketil Mikkelsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER